



Øystre Slidre kommune

Næring plan og byggesak

Bygginvegen 1989 2940 Heggenes

Håkon og Anette Gjelstad
Sagastogovegen 68
2950 Skammestein

Delegert Sak

Dykkar ref.:

Vår ref.:

ROGTOR - 26/8410

Arkiv:

53/1/582/0, L42

Vår dato:

02.07.2026

Saksnr.	Utval
189/26	Kommunedirektør v/ næring plan og byggesak
170/26	Kommunestyret

53/1/582 - Tillatelse til tiltak - Oppføring fjøs og utedo

Tiltak: Oppføring fjøs og utedo
Byggjestad: Gbnr: 53/1
Tiltakshavar: Håkon og Anette Gjelstad
Sagastogovegen 68
2950 Skammestein

Vedtak

Med heimel i plan- og bygningsloven § 20-4, jf. §20-1, samt kommunalt delegasjonsreglement, godkjenner kommunedirektøren v/leiar næring, plan og bygg, oppføring av nytt fjøs, riving av utedo, og oppføring av ny, på gnr.53, bnr. 1, fnr. 582, Skredalen 1, i samsvar med søknad og vedlegg

Følgjande vilkår ligg til grunn for vedtaket:

1. Alt avfall frå eigedomen skal leverast til godkjent mottak. Det er ikkje lov brenne avfall på eigedomen.
2. Bygg må forsvarleg fundamenterast og sikrast for og kunne motstå naturpårørte lastar som kan være betydelege i området.
3. Det kan ikkje iverksetast andre søknadspliktige tiltak på eigedomen utan eige behandling. Dette løyvet omhandlar kunn dei bygga omtala i dette vedtaket.
4. Det skal gjennomførast oppmåling av eigedomen i tråd med brev frå Statskog DA, datert: 20.05.2026, jf: 20.05.2026.
5. Vedtak av Fjellstyre i sak 16/2026, datert: 20.04.2026 ligg til grunn i dette vedtak.
6. Håkon og Anette Gjeldstad vert sett som ansvarlege for tiltaket.
7. Tiltaket skal avsluttast gjennom søknad om ferdigattest.

Saksopplysningar

Håkon og Anette Gjelstad sendte inn søknad om tiltak utan ansvarsrett.

Søknaden syner ynskje om oppføring av nytt fjøs der det tidlegare har stått fjøs, rive øydelagt utedo, og erstatte denne med ny, på gnr.53, bnr.1, fnr. 582, Skredalen 1.

Fjøset skal passerast der det tidlegare har stått fjøs. Fjøset får eit bebygd areal (BYA) på 63m², skal fundamenterast på pilarar og forankrast i steinheller. Taket blir saltak kledd med svarte stålplater og bygget får ei høgde på om lag 5,2 meter og blir tilpassa terrenget. Utedoen blir på 2,25m² BYA med tak kledd i valdresshingel og skal bardunerast for å kunne tåla vind.

Felles for bygga er ståande panel, enkel byggestil og utsjåande som er normalt for området, og eller fokus på gjenbruk av materiale.

Eigedomen er registrert i kartet som punktfeste og har arealformål LNRF-areal for nødvendige tiltak for stadbunden næring, og er og rekne som støl til garden Haugen gnr. 7, bnr.4. Stølen skal nyttast til sumararbeite for geitedrifta deira.

Det er gjort vedtak frå Fjellstyre i saka som omhandlar tiltaka på eigedomen. Deira vedtak omfattar og eit nytt sæl, men søkar har opplyst at sælet vil bli søkt om seinare i eigen søknad. Dette vedtaket gjeld derfor kunn fjøs og utedo.

Det er komen inn brev frå Statskog om bekrefting på oppmåling for eigedomen, dette for å avklare arealet for stølen. Denne vil bli søkt om i etterkant og det vil bli ettersendt søknad om oppmåling som er tilpassa terreng og bruk.

Søknaden har ettersendt rapport frå Skred AS som omhandlar skredfarevurdering av området. Dette kom etter det vert påvist potensielt skredfare på eigedomen. Konklusjonen i deira vurdering er at kravet om sikkerheit mot skred iht. TEK17 §7-3 sikkerheitsklasse S1 og S2 er oppfylt for heile kartleggingsområde.

Tiltaket for bygginga er nabovarsla utan innvendingar.

Vurdering

Tiltaket er i tråd med føringane for tiltak utan ansvarsrett.

Bygginga er basert på gardens ressursgrunnlag og er i tråd med arealformålet for eigedomen, og er styrt av føringane i Arealdelen til Kommuneplan 2026-2038, og vurdert i samsvar av Fjellstyre sitt vedtak i sak: 16/2026, datert: 20.04.2026.

Ras og skredfara for området er vurdert i rapporten frå Skred AS, datert: 24.06.2026 og sikkerheita for eigedomen er etter denne avklart.

Det samla BYA for bygga blir 65,25m² og Statskog bekreftar i sitt brev om oppmåling at det skal målast opp eit område på om lag 10 dekar. Arealavtrykket på eigedomen blir dermed marginal.

Kommunen har vurdert saka etter naturmangfaldlova §§ 8–12, jf. § 7. Tilgjengeleg kunnskap er innhenta frå Naturbase og Artskart. Det er ikkje registrert særskilde naturverdiar innanfor tiltaksområdet. Kommunen legg derfor til grunn at tiltaket ikkje vil ha vesentleg verknad på

naturmangfaldet. Prinsippa i naturmangfaldlova §§ 9–12 er vurderte og funne å ha avgrensa relevans i saka.

Det vart føretake DOK-analyse av eigedomen og det er her ikkje treff av betydning for saka, utover aktsemdområdet jord- og flaumskred som er omtala og vurdert lenger opp i saka.

Byggeskikken vil få ei naturleg integrering i stølsmiljøet og bygga er godt integrert i terrenget. Byggesaka skal avsluttast frå tiltakshavar gjennom søknad om ferdigattest.

Det skal ikkje leggst inn vatn eller avløp tilbygga.

Saka er kurrant og kan gjennomførast.

Teikningsdokumentasjon

Løyvet er basert på teikningar med journaldato 07.05.2026.

Føresetnader med heimel i lovverket

1. Er tiltaket ikkje sett i gang seinast 3 år etter at løyvet er gjeve, fell løyvet bort. Det same gjeld om tiltaket blir innstilt i lengre tid enn 2 år, jf. pbl § 21-9.
2. Bygningen/ tiltaket må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det dette løyvet føreset.
3. Skifte av tiltakshavar under gjennomføringa skal straks meldast til kommunen både av den opphavlege og den nye tiltakshavaren, jf. pbl § 23-2.
4. Det er tiltakshavar sitt ansvar å sjå til at bygget blir oppført i tråd med føresegn i plan- og bygningsloven med tilhøyrande teknisk forskrift og dimensjoneringsstandardar.
5. Mindre endringar undervegs må normalt avklarast med kommunen på førehand. Om tiltaket inneheld korreksjonar ut frå godkjente teikningar, så må desse visast fram ved søknad om ferdigattest.
6. Ingen bygning eller anlegg kan takast i bruk utan at det ligg føre anten midlertidig bruksløyve eller ferdigattest frå kommunen, jf. pbl § 21-10.

Vi gjer merksam på at det er høve til å klage på vedtaket, jamfør forvaltningslova.

Klagefristen er 3 veker frå det tidspunktet meldinga om vedtak er kome fram til klagar.

Ev. klage skal setjast fram skriftleg til Øystre Slidre kommune, vise kva for vedtak det klagast over og kva for endring ein ynskjer i vedtaket. Kommunen kan gje nærare rettleiing om framgangsmåten ved klage. Partar har rett til å sjå dokumenta i saka, jamfør forvaltningslova §§ 18 og 19

Med helsing

Tore Rogne
Saksbehandlar bygg

Etter våre rutinar er dette brevet godkjent og sendt utan underskrift.

